

# Den norske hardingfelemakartradisjonen

Wiebke Lüders

## Samandrag:

Hardingfelebygging har lange tradisjonar i Norge. Jaastad-fela frå Hardanger (datert 1651) er den eldste bevarte hardingfela vi veit om. Frå 1700-talet er det bevart fine instrument først og fremst av felemakarane Isak og Trond Botnen, og på denne tida spreidde hardingfela seg etter kvart frå Hardanger til folkemusikk- og instrumentmakartradisjonar andre stader i Norge.

## Om tradisjonen og kunnskapen:

Hardingfela er eit tradisjonelt folkemusikkinstrument som har vore i bruk hovudsakleg i Sørvest-Norge, ikkje minst i Hallingdal, Valdres, Telemark, Setesdal, Numedal og på Vestlandet. Den vanlege fela (fiolinen) har vore det mest brukte folkemusikkinstrumentet i resten av landet. Hardingfela vert ofte brukt til dansespel, akkompagnert av kraftig rytmisk fottramp, men òg i konsertar og folkemusikk-konkurransar (kappleikar). Tradisjonelt var instrumentet brukt solistisk, men i dag er det òg vanleg med spelemannslag ( gjerne med fleire feler som spelar unisont) og samspel med andre instrument og/eller song. Tidlegare var det vanleg at hardingfelespelemannen gjekk i spissen for brurefølget og spelte bruremarsjar. Hardingfeleslåttane (slått = instrumentalt folkemusikkstykke) vert vanlegvis lært utan notar. På 1900-talet inspirerte hardingfela òg komponistar, som Johan Halvorsen og Geirr Tveitt, som skreiv to konsertar for hardingfele og orkester. Utanfor Norge finst det m.a. hardingfelespelarar i USA, Japan, Sverige og Storbritannia.

Hardingfela har ei form som liknar på fiolinen, men gjerne eit noko høgare og tynnare lok, ofte med f-hol som er skorne ut slik at sidene nesten overlappar. I tillegg til dei fire vanlege felestrengene har hardingfela fire, fem eller fleire resonansstrenger som ligg under gripebrettet, og som gir instrumentet den typiske, rike klangen.

I staden for ei snekke har hardingfela som oftast eit utskore løvehovud (den norske heraldiske løven), eller nokre gonger eit drage-, dyre- eller kvinnehovud. Instrumenta er vanlegvis vakkert utsmykka med innlegg av perlemor og bein (og stundom metall) på gripebrett, strengehaldar og stemmeskruar, nokre gonger òg langs kanten av instrumentet. I tillegg er hardingfelene oftast rikt dekorerte med svarte tusjteikningar i tradisjonelle norske mønster (rosing) på kroppen og skruekassa.

Overstrengene vert på hardingfela kalla bass, ters, kvart og kvint. Sjølv om det er mange moglege stemmingar (felestille), alt etter kva for slått ein spelar, er det vanlegaste stillet for hardingfela a - d1 - a1 - e2, og h - d1 - e1 - f#1 - a1 for understrengene. Dette ut frå kammertone a1 som på vanleg fiolin, men hardingfela har som oftast kammertone ein heil tone høgare, og då kling overstrengene h - e1 - h1 - f#2, og understrengene c#1 - e1 - f#1 - g#1 - h1.

Hardingfelestrenger er laga av sauetarm eller sølvomspunnen tarmkjerne. Dei er tynnare og lettare enn moderne fiolinstrenger og liknar meir på barokkfiolin-strenger. E-strengen er oftast laga av sølvstål, som understrengene, men fram til tidleg på 1900-talet vart ein tynn tarmstreng for det mest

brukt som e-streng. Rudi Musikk i Valdres har laga hardingfelestrenger med merket "Fanitullen" i meir enn hundre år. Felestrenger vert òg laga på verkstaden for hardingfelebygging og -reparasjon ved Ole Bull Akademiet på Voss, med merkenamnet "Mosafinn".

På hardingfele speler ein tradisjonelt i første posisjon. Stolen på hardingfela er relativt flat samanlikna med den meir avrunda fiolinstolen. Dette gjer det lettare å spela på to eller til og med tre strenger samtidig. Det vert brukt lettare strøk enn på fiolin. Korte og helst konvekse bogar vart brukt tidlegare, men i dag nyttar ein vanlege moderne fiolinbogar, som er lengre og har konkav profil.

Som den klassiske fiolinen vert hardingfela i våre dagar bygd rundt ei indre form, som vert laga ut frå ei teikning av ei fele eller ein fiolin. Moderne hardingfelemakarar frå seint 1800-tal fram til i dag har følgd modellar frå 1700-tals italienske fiolar av fiolinmakarar som Antonio Stradivari, Giuseppe Guarneri del Gesù eller Nicolò Gagliano. Hardingfeler laga før midten av 1800-talet har ofte ein mykje rundare og smalare kropp enn ein fiolin.

Feleloket vert skore ut av gran, medan botnen og sargane vert laga av lønn, norsk svartor eller – på nokre eldre feler – av bjørk. Gran- og svartormaterial av høg kvalitet finst i Norge, men lønnetre vert rekna for å vera av betre kvalitet i Sør-Europa, og vert difor ofte kjøpt i land som Bosnia eller Italia. Halsen og skruekassa vert vanlegvis skorne ut av same material som botnen.

For innlegg på gripebrett og strengelaldar vert små fordjupingar skorne ut i ibenholt-emnet, og dei små intarsia-bitana av perlemor eller bein vert saga ut og tilpassa ved pussing eller filing.

Som dei siste hundreåra, vert dei fleste av desse arbeidsstega i våre dagar utførte med tradisjonelle verktøy som handhøvlar, stemjern og holjern, knivar, siklingar osv. I dag vert òg handopererte maskinar, som bandsag, pussemaskin eller fresemaskin stundom nytta.

I 2013 initierte Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss Museum prosjektet *Hardingfela.no* for å promotere og styrke norske tradisjonar relaterte til hardingfela. I samband med delprosjektet *Framtids-Felemakeriet* kjøpte Ole Bull Akademiet ein datastyrt CNC-fres i 2017, og felemakarstudenten Ole Gjerde har arbeidd med å produsere digitale 3D-modellar av hardingfeler for å lage delar som lok, botn, hals, gripebrett og strengelaldar til hardingfeler med denne maskina. Dei første prøvedelane er alt laga, og det er bana veg for masseproduksjon av hardingfeler, spesielt for barn. Dette er eit viktig steg, sidan det er etterspurnad etter hardingfeler for barn, og tilgang på rimelege instrument vil på sikt sannsynlegvis styrka rekrutteringen til folkemusikken på hardingfele.

På den andre sida er synet vårt på tradisjonar og handverksferdigheiter som uløselege delar av den kulturelle arven vår i endring, og hardingfelebygging bør sjåast på som ein bevaringsverdig tradisjon av høgt kulturelt verdi. Det er ikkje berre eit handverk, men òg eit kunstnarleg uttrykk, og bør vernast om som ei slik uttrykksform. Ved å bruka meir og meir datastyrt maskiner står individualiteten til instrumenta og deira høge kulturelle verdi som symbol på framifrå norsk handverk i fare for å gå tapt. Men er det ikkje ein av dei viktigaste eigenskapane til hardingfelene at kvar av dei er unike? Difor er det nødvendig å styrke og støtte den parallelle utviklinga av handlaga hardingfeler basert på tradisjonelle byggeteknikkar.

Det er svært viktig å overføre erfaring i hardingfelebygging frå ein person til ein annan ved å vise korleis bygginga vert gjort for hand. Ein kunne hevda at om vi dokumenterer kvart arbeidssteg nøyaktig, kan vi bevare kunnskapen om hardingfelebygging for framtida. Og det er eit slikt prosjekt undervegs ved Ole Bull Akademiet no, med ein grundig stegvis dokumentasjon av arbeidsmåten til Sigvald Rørlin i bokform, ført i pennen av studieleiar Håkon Asheim. Men instrumentbygging er òg eit intuitivt arbeid, og å dokumentere arbeidsteknikkar er kan hende ikkje nok. Vi står i fare for å

miste forståinga for det vi held på med og kjensla for materialet og treet sine kvalitetar om vi ikkje gjer arbeidet sjølve.

### **Utøvarar med høg kompetanse:**

I ein del år har det vore nedgang i talet på aktive hardingfelemakarar, og det er berre nokre fåe att som held oppe denne verdfulle tradisjonen i Norge. Berre to av desse felemakarane (Ottar Kåsa og Salve Håkedal) er sine eigne arbeidsgjevarar og i stand til å leve av arbeidet med hardingfeler. Ottar Kåsa er ein framgangsrik felespelar i tillegg. Alle dei andre hardingfelemakarane arbeider for offentlege institusjonar, og er difor delvis støtta av Staten.

I tillegg til å lage nye instrument er reparasjon og vedlikehald av hardingfeler ein viktig del av det daglege arbeidet til felemakaren. Felemakarane er vanlegvis heile tida i dialog med musikarane dei arbeider for.

Felemakarar:

Ottar Kåsa (Bø, Telemark):

Ottar Kåsa (fødd 1983) er spelemann og felemakar, opprinneleg frå Arabygdi, men no busett i Bø i Telemark. Han begynte som hardingfelemakarstudent hjå Sigvald Rørlien ved Ole Bull Akademiet i 2005, og fullførte studiane der i 2008. Han har elles sankt kunnskap hjå fleire felemakarar, mellom andre Salve Håkedal, Wim Baeck, Alexander Pilz og Harald Lund. Sidan 2009 har han hatt eigen verkstad i Bø i Telemark, og har til no laga kring 29 hardingfeler, i tillegg til reparasjons- og riggearbeid. Som spelemann har han gitt ut to soloplatar med hardingfelespel; "Ottar Kåsa" i 2012 og "Kjoskrullen" i 2016, der han spelar på sjølvbygde instrument.

Keisuke Hara (Japan):

Keisuke Hara (fødd i Japan i 1986) er utdanna fiolinmakar frå Newark (2007-2011). Etter utdanninga hadde han jobb som fiolinmakar i Japan i 4 år, og utførte mange reparasjons- og restaureringsoppdrag på instrument i fiolinfamilien. Han har seinare også gått i lære hjå fiolinmakar Stepan Soultanian på Kypros. I to år, frå 2015 til 2017, har han gått i lære hjå hardingfelemakar Ottar Kåsa, og opna hardingfele-/fiolinverkstad i Japan i 2018. Han har til no laga 9 fiolinar, 1 bratsj og 3 hardingfeler.

Knut Opheimsbakken (Valdres Folkemuseum, Fagernes):

Knut Opheimsbakken (fødd 1957) starta opp som felemakar i 1993, med noko rettleiing av Olav Viken på instrumentverkstaden på Valdres Folkemuseum. Han har arbeidd på Valdres Folkemuseum frå 1997, delar av tida saman med Oddrun Hegge og Sigvald Rørlien. Den omfattande praksisen i reparasjon og bygging av instrument han har fått der utgjør hovuddelen av utdanninga hans som felemakar. Han har til saman laga ca. 40 hardingfeler, 1 langeleik og utfører kring 50 reparasjonsoppdrag kvart år. Frå 2001 har han laga hardingfelestrenger – "Fanitullen" strenger – for Rudi Musikk.

Bård Riise Hoel (Valdres Folkemuseum, Fagernes):

Bård Riise Hoel (fødd i Oppdal i 1979) fekk opplæring av Sigvald Rørlien på Ole Bull Akademiet 2006-2009. Han dreiv verkstaden på Ole Bull Akademiet i eitt år (2010) før han opna eigen verkstad i Åseral (Vest-Agder), som han dreiv frå 2011 til 2013. Frå sommaren 2013 har han arbeidd ved Valdresmusea. Han har også hatt kortare opplæring i Potsdam hjå viola da gamba- og fiolinmakarane Valentin Oelmüller og Peter Volkmer. Han har for det meste arbeidd med reparasjon og restaurering av instrument, men har òg laga seks hardingfeler og diverse andre instrument. Han har laga hardingfelestrenger for både "Fanitullen" og "Mosafinn".

Salve Håkedal (Birkeland, Aust-Agder):

Salve Håkedal (fødd i Birkeland, Aust-Agder i 1958) laga si første hardingfele på sommarkurs med Sverre Sandvik i 1985. Han er langt på veg autodidakt, og har skaffa seg kunnskap i samvær med andre felemakarar, ved å lese fiolinmakarlitteratur og ved å studere og delvis kopiere feler av til dømes Sveinung Gjøvland, Torleiv Frøyså, Gunnar Røstad og Erik og Olaf Helland. I siste halvdel av 1990-talet laga han fleire fiolinar og bratsjar enn hardingfeler, ved sida av reparasjonsarbeid på eigen verkstad og for Urs Wenk-Wolff og Sevald Bismo ved Hornaas Musikk i Oslo. På 2000-talet byrja han å laga fleire hardingfeler att, og utvikla etter kvart sin eigen modell. Han nyttar ofte relativt sparsam dekor, for å halde prisen på instrumenta sine nede.

Sigvald Rørlien (Ole Bull Akademiet, Voss):

Sigvald Rørlien (fødd i 1946 på Voss) har frå 2004 vore tilsett som felemakar ved Ole Bull Akademiet på Voss. Han har vore aktiv som felemakar sidan 1970-talet, då han byrja i lære hjå Anders Aasen i Eidfjord. Sidan har han lært felemakarkunsten av mange andre. Ei tid arbeidde han mykje saman med den svenske felemakaren Hans Lisper, og var m.a. på studietur til Cremona saman med han. Rørlien har laga kring 70 hardingfeler, der han for det meste har brukt hardingfelene som Gunnar Røstad laga tidleg på 1900-talet som modell. 1993–2004 var han tilsett ved Valdres Folkemuseum som felemakar, saman med Olav Viken, Knut Opheimsbakken og Oddrun Hegge, samtidig som han har hatt eigen verkstad på Voss. Ottar Kåsa og Bård Riise Hoel (sjå egne omtalar) hadde baa 3 års studieopphald hjå Rørlien som viktigaste felemakaropplæring. I 2014 starta Ole Bull Akademiet opp eit studietilbod i hardingfelebygging i samarbeid med Universitetet i Bergen, med Sigvald Rørlien som hovudlærer og Ole Gjerde (sjå eigen omtale) som første student. Rørlien vil sannsynlegvis gå av med pensjon i 2018.

Wiebke Lüders (Ole Bull Akademiet, Voss):

Wiebke Lüders (fødd 1979 i Tyskland) er instrumentkonservator spesialisert på musikkinstrument av tre, utdanna ved Akademie der bildenden Künste i Wien. Ho har arbeidd som frilans konservator i Wien i mange år, og hadde eit 1 1/2 år langt stipendopphald ved konserveringsavdelinga på Metropolitan Museum of Art i New York, der ho fokuserte på konservering av historiske cembalo. 2014-2015 fekk ho opplæring hjå viola da gamba-makarar i Tyskland (Valentin Oelmüller) og Nederland (Gesina Liedmeier). Wiebke vart fascinert av hardingfela under eit arbeidsopphald ved Ringve Museum i Trondheim i 2008, og interessa voks då ho besøkte Salve Håkedals verkstad og

verkstaden ved Ole Bull Akademiet på Voss i 2015. Sidan ho vart tilsett på instrumentverkstaden til Ole Bull Akademiet i januar 2016 har ho spesialisert seg på å reparere, konservere og byggje hardingfeler. Ho har laga hardingfeler sidan 2016, med Sigvald Rørlien som rettleiar.

Ole Gjerde (Ole Bull Akademiet, Voss):

Ole Gjerde (fødd 1976) har sidan 2014 vore student hjå Sigvald Rørlien på Ole Bull Akademiet, og avsluttar våren 2018 sin bachelorgrad i tradisjonsmusikk med spesialisering i hardingfelebygging, som den første i landet. Gjerde har ein variert bakgrunn frå ingeniøryrket, design og produktutvikling. Han var vinteren 2016/17 tilsett hjå Ole Bull Akademiet der han forska på bruk av 3D-modellering og CNC-basert utstyr (computer numerical control) i hardingfelebygging. Han etablerte i 2017 felemakarkverkstaden Gjerde Felemakeri AS i Strandebarm i Hardanger, og har engasjert seg i å utvikle gode barneinstrument som kan vere overkommelege i pris. Den nye verkstaden driv med anna trearbeid (design og prototypebygging).

Ved sida av felemakarane som er nemnde er det nokre personar som lagar hardingfeler, men som ikkje ser det som hovudyrket sitt.

Det er også nokre hardingfelemakarar i USA, og på internett kan ein finne ein del billege masseproduserte hardingfeler frå Kina.

### **Kunnskapsoverføring:**

Dei siste hundreåra har hardingfelemakarhandverket vanlegvis vorte lært av ein læresvein direkte frå ein felemakar i verkstaden hans. Som med mange andre handverk er denne tradisjonelle måten å dele kunnskap på no i nedgang.

Ole Bull Akademiet på Voss gir sidan 2014 tilbod om å studere hardingfelebygging innanfor eit bachelorstudium i kombinasjon med norsk folkemusikk. Før det hadde akademiet to uformelle hardingfelemakarstudentar (Ottar Kåsa og Bård Riise Hoel) mellom 2005 og 2009, og det nye studietilbodet har så langt hatt éin student (Ole Gjerde), som tek avsluttande eksamen i 2018. I tillegg underviser Ottar Kåsa for tida ein elev frå Japan - fiolinmakar Keisuke Hara – i sin eigen verkstad i Bø over ein toårsperiode.

I tillegg tek verkstaden ved Ole Bull Akademiet imot besøk frå alle som er interesserte i hardingfela. Det er òg mogleg å ha arbeidsopphald nokre veker hjå felemakarane, og m.a. ein fiolinmakarstudent frå Milano hadde eit slikt månadslangt opphald ved verkstaden i 2016.

Dessutan vert det organisert verkstadbesøk for musikkstudentane som kjem frå andre norske høgskular til Ole Bull Akademiet på kurs nesten kvar veke.

Hardingfeleverkstaden ved Ole Bull Akademiet har òg vore med på handverksutstillingar som t.d. aktivetsdagane på Voss Folkemuseum og ei hardingfeleutstilling i Granvin i 2017, og, som dei fleste andre hardingfelemakarane, annakvart år på Landskappleiken (ei årleg mønstring i FolkOrg, landsorganisasjonen for folkemusikk og –dans).

Også verkstadene til Salve Håkedal og Ottar Kåsa og instrumentverkstaden ved Valdres Folkemuseum er opne for besøk av hardingfeleinteresserte, og spelar difor ei viktig rolle for overføringa av kunnskap.

Dessverre har det vore etter måten lita interesse for bachelorstudiet i hardingfelebygging ved Ole Bull Akademiet så langt.

Det kan vera fleire grunnar til mangelen på interesse for hardingfelebygging hjå den yngre generasjonen. Handverk og instrumentbygging som viktige kulturelle uttrykk får lita merksemd i samtida. Handverksskular som fanst tidlegare er lagde ned, og det er ingen fiolinmakarskular i Norge, noko som kunne ha inspirert studentar til å ta vidare utdanning i hardingfelebygging. Tradisjonen til dei store felemakerslektene tok slutt midt på 1900-talet, og fleire av felemakarane dei siste tiåra var relativt isolerte, ønskte ikkje å dele kunnskapen sin og tok difor ikkje imot elevar.

Ein annan grunn til mangelen på interesse for hardingfelebygging er nok dei låge prisane på nybygde feler. Hardingfeler er folkemusikkinstrument, og oppnår på langt nær så høge marknadsprisar som handlaga klassiske fiolar. Dette trass i at byggjeprosessen med hardingfeler er mykje meir omstendelig og tidkrevjande enn prosessen med fiolinbygging.

### **Historisk bakgrunn:**

Den eldste kjende eksisterande hardingfela vart etter tradisjonen laga av Ole Jonsen Jaastad (1621–1694) i Ullensvang, Hardanger i 1651 og er no utstilt på Universitetsmuseet i Bergen. Denne fela har ein nokså liten kropp med høg kvelving, og berre to understrenger, noko som var vanlegare i hardingfelas tidlege historie.

Isak Nilsen Botnen (1669–1759), fødd på garden Skår ved Fykkesundet i Hardanger, var ein av dei første kjende hardingfelemakarane som dreiv profesjonelt. Han laga feler med varierende tal understrenger, og også fiolar. Eit utskore kvinnehovud i enden av skruekassa er typisk for instrumenta til Isak Botnen. Felene hans har ofte eit nokså kantete omriss.

Son til Isak, Trond Isaksen Botnen/Flatebø (1713-72) førte vidare felemakartradisjonen etter faren på ein framifrå måte, og skal ha bygd over tusen feler. Felene hans er ofte mindre og noko meir runda enn dei som faren laga. Instrumenta hans har ei snekke eller eit dyrehovud i enden av skruekassa. Trondafelene (som dei vert kalla) har for det meste lite eller inga rosing – ofte berre nokre få liner, trekantar eller prikkar langs kanten av kroppen og av og til eit geometrisk mønster midt på loket. Riktignok har nokre feler av Trond Botnen fargerike roseteikningar, men det er mogleg at desse ikkje vart laga av Trond sjølv, men av lokale rosemålarar i Valdres, der felene hans var svært populære. I staden for ibenholt til gripebrett og strengelaldar har dei eldre felene ofte eit lettare treslag som er svartmåla på utsida, med horn- eller beinplater limte på.

Konstruksjonen på dei tidlege hardingfelene skil seg frå den på meir moderne feler. Til skilnad frå den moderne hardingfela har dei eldre felene svært små eller ingen hjørneklossar, sargane har ikkje listar på innsida og bassbjelken er skoren ut av same trestykke som loket (i staden for å vera limt inn). I staden for å felle halsen inn i ein kloss inne i felekroppen, lét tidlegare felemakarar halsen gå eit godt stykke inn i instrumentet og limte han fast til ei tunge som var skoren ut av botnemnet.

Denne konstruksjonsmåten førte til relativt ustabile instrument, som snart tok til å slå seg på grunn av strengetrykket. Difor gjekk seinare felemakarar over til å følgje byggjemetoden for moderne fiolin, slik at dei fekk meir stabile instrument.

Som barokkfiolinane hadde dei tidlege hardingfelene ein relativt bein hals, medan halsen på seinare instrument skråar meir bakover. Eldre feler har ofte botn og sarg av svartor eller bjørk, treslag som veks i Norge. Halsen kan òg vere laga av svartor, men frukttre vart også nytta. Nokre eldre feler har lok av furu i staden for gran, som er det vanlege.

I midten av 1800-åra byrja hardingfela å utvikle seg nærare den klassiske fiolinen i omriss og indre konstruksjon. Instrumentet vart brukt meir og meir i større rom i staden for små stover som tidlegare.

Medan dei fleste hardingfelene av gamal type vart laga på Vestlandet, utvikla den meir moderne hardingfela seg i Telemark. Hardingfelemakar John Eriksen Helland (1790-1862) var grunnleggjaren av Helland/Steinkjønndalen-dynastiet av felemakarar i Bø, og sonen hans, Erik Johnsen Helland (1816-1886), spelte ei viktig rolle for utviklinga fram til hardingfela av i dag. Dottersonen Olaf G. Helland (1875-1946) vart ein av dei mest framstående felemakarane i nyare tid. Også nevøen til Erik, Knut Ellefsen Steinkjønndalen (1850-1902), laga svært gode hardingfeler.

Ein annan framifrå felemakar var Gunnar M. A. Røstad (1874–1947), som var fødd i Øvrebo i Vest-Agder og etablerte seg som felemakar i Kristiania. Der vart han påverka av felemakaren Anders Christensen Kleven, men òg av instrumenta til Erik Johnsen Helland. Røstadfelene var og er framleis i dag mellom dei høgast prisa instrumenta på hardingfelemarknaden.

Sidan Helland, Røstad og Steinkjønndalen laga hardingfeler av utmerka kvalitet, har instrumenta deira ofte vorte kopierte av seinare felemakarar heilt fram til i dag (slik fiolinar av Stradivari eller Guarneri vert kopierte av moderne fiolinmakarar). Lyden dei produserer er framleis det som dei fleste av dagens hardingfelespelarar ser etter. Men toneideal kan variere frå stad til stad og frå person til person. Difor er hardingfelemakarar mykje friare i handverksutøvinga si enn fiolinmakarar, og det er mykje større variasjon.

Når det gjeld dekor, har dei moderne hardingfelene for det meste utvikla ein relativt lik utsjånad, ofte etter modell av Olaf Helland eller Røstad, med variasjon i detaljar. Vanlegvis har gripebrett og strengehaldar innlegg av perlemor og bein i typiske norske hardingfelemønster. Løvehovudet er meir eller mindre standardisert, og kroppen er som regel rikt dekorert med rosetekningar i ulike mønster.

Sidan det også finst felespelarar som likar å spele på feler av gamal type, skulle ein tru at det vil vere eit behov for å byggje nye feler av denne typen òg. Dette har ikkje vore gjort så ofte dei siste tiåra, men vil vonleg auke på i framtida. Eit instrument etter modell av ei fele av Trond Botnen frå ca. 1750 vart nyleg laga på verkstaden ved Ole Bull Akademiet av Wiebke Lüders.

### **Plan for vidareføring:**

Det er vanskeleg å seie kor mange hardingfeler som verkeleg trengst på marknaden, og kor mange personar som vil kunne overleve som sjølvstendige hardingfelemakarar i Norge.

Hardingfelebygging er naturlegvis nært knytta til hardingfelespeling. Jo fleire barn som vert interesserte i å spele på instrumentet og som held fram å spele i vaksen alder, jo fleire nybygde feler trengst det. Difor er det særskild viktig å støtte speltradisjonen på hardingfele. Mykje er alt gjort: Prosjektet *Hardingfela.no* som vart lansert i 2013 av Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss Museum har som oppgåve å promotere og styrke hardingfelespelet, i tillegg til andre arbeidsområde som har med hardingfela å gjere.

Det vert undervist i hardingfelespel i mange kulturskular, og i eit prøveprosjekt i Granvin (Hordaland) har det vorte del av undervisninga for første årssteg i grunnskulen. Det finst òg andre faste tilbod og møteplassar for barn som er interesserte i folkemusikk og -dans mange stader i Norge.

Dessutan vil Ole Bull Akademiet halde fram med å tilby kurs i hardingfelebygging på bachelornivå, og verkstaden ved akademiet vil også i framtida vere open for interesserte. Det er tankar om å invitere skulebarn til verkstaden på Ole Bull Akademiet, for å presentere felemakarhandverket så tidleg som mogleg for neste generasjon. Det bør knytast sterkare kontakt med fiolinmakarskular i andre land, og likeeins med Høgskolen i Sørøst-Norge, Campus Rauland – der ein kan studere både norsk folkemusikk og tradisjonelt handverk/folkekunst på bachelor- og masternivå.

Nyleg har det kome i stand eit nytt prosjekt i regi av DEXTRA MUSICA/Sparebankstiftelsen DNB, som planlegg å kjøpe 12 gamle og 12 nybygde hardingfelespelarar av høgaste kvalitet over ein 5-årsperiode for å låne dei ut til dei beste hardingfelespelarane i landet. Dette initiativet vil heilt sikkert hjelpe til å styrke tradisjonen for hardingfelebygging og -speling.

#### **Litteratur:**

Aksdal, Bjørn: *Felemakerne og instrumentets utvikling*. Tapir Akademisk Forlag, Trondheim 2009

Aksdal, Bjørn et al.: *Hardingfeledekoren. Norsk folkemusikklags seminar på Rauland 2013*. Novus Forlag, Oslo 2015

Aksdal, Bjørn og Nyhus, Sven: *Fanitullen. Innføring i norsk og samisk folkemusikk*. Universitetsforlaget, Oslo 1993

Midtgaard, Kjell Chr.: *Hardingfelemakeren Gunnar Røstad*. Utgitt av Kjell Chr. Midtgaard 1997

Midtgaard, Kjell Chr.: *Olaf G. Helland og felemakarkunst i Telemark fram til 1960-årene*. Scordatura Forlag 2016

#### **Links:**

[www.olebull.no](http://www.olebull.no)

[www.felemakeriet.no](http://www.felemakeriet.no)

[www.felemakar.no](http://www.felemakar.no)

[www.fiolinmaker.no](http://www.fiolinmaker.no)

[www.valdresmusea.no](http://www.valdresmusea.no)

[www.rudimusikk.no](http://www.rudimusikk.no)

<http://www.hfaa.org/>